



Vang kommune

ArkivSakID: 22/769
JournalpostID: 22/8564
ArkivID: K1-223
Saksbehandlar: Ole Martin Alfstad

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
071/22	Kommunestyret	20.10.2022

Retningslinjer om straumstøtte til næringslivet i Vang kommune

Saksopplysningar:

Denne saka gjeld behandling av retningslinjer om straumstøtte til lokalt næringsliv som ikkje er omfatta av nasjonale støtteordningar.

Regjeringa har innført ei rekke midlertidige støtteordningar som hjelp til å handtere dei rekordstore straumprisane. Innførte nasjonale støtteordningar til næringslivet er blant anna relatert til støtte til ENØK-tiltak i forma av direkte støtte og lån. Det er og lagt til grunn at nasjonale tiltak kan gje betre tilgang til fastprisavtaler i kraftmarknaden. Mykje tyder på at kraftprisan kan bli liggande på eit høgt nivå framover og det kan og tyde på at regjeringa vil forlenge fleire av dei midlertidige straumstøtteordningane til næringslivet.

Vedtak i kommunestyre 16.juni 2022

KS - 048/22 Vedtak: Kommunestyret løyver kr. 1.000.000 til midlertidig kompensasjonsordning for lokale verksemder med ekstraordinært høge straumkostnadar i 2022. Kompensasjonsordninga skal baserast på søknad frå lokale verksemder i Vang som ikkje er omfatta av statlege ordningar. Ordninga blir finansiert frå disposisjonsfondet post 1470.325.500 i 2022. Eventuell vidareføring av ordninga vert vurdert i samband med budsjettprosessen for 2023. Kommunedirektøren legg fram retningslinjer for ordninga for kommunestyret.

Administrasjonen har utarbeidd nedanfor nemnte forslag til retningslinjer / kunngjering. Forslaget har vore ute til høyring i lokalt næringsliv formidla av Innovangsjon. Kunngjering om ordninga er føresett lagt ut på kommunen sin heimeside, facebook og formidla ut til lokalt næringsliv via Innovangsjon.

Forslag til retningslinjer og kunngjering :

1. Vang kommune innfører ei straumstøtteordning for næringsdrivande og bedrifter i kommunen. Føremålet med ordninga er å fange opp bedrifter som ikkje kjem inn under nasjonale støtteordningar, og som står i fare for nedskalering, permittering av tilsette eller konkurs grunna høge straumutgifter.
2. For å kome med i ordninga må straumutgiftene utgjere ein vesentleg del ut over 3% av driftsutgiftene til verksemda og vesentleg auke frå 2021.
3. Søknaden må vera basert på dokumenterte straumutgifter i kr og forbruk i kWh for 2022.
4. Søknaden må innehalde verksemda sitt namn og organisasjonsnummer, telefonnummer, e-post adresse til kontaktperson i verksemda og kontonummer.
5. Ordninga gjeld ikkje bedrifter med fastprisavtale hjå Jotunkraft?

6. Ordninga gjeld ikkje bedrifter som har fått straumstøtte gjennom andre ordningar?
7. Søknaden sendes til kommunen pr e-post : post@vang.kommune.no
8. Søknadar behandlast fortløpande av formannskapet, med innstilling frå kommunedirektør
9. Ved spørsmål kontakt tlf 613 69400 eller e-post morten.johan.johansen@vang.kommune.no eller ole.martin.alfstad@vang.kommune.no

Økonomiske konsekvensar:

I ksak 48/22 vart det løyvd 1 mill kr finansiert frå disposisjonsfondet til straumstøtte ordning for lokalt næringsliv.

Vurdering:

Mange bedrifter har no fått ekstraordinære høge utgifter til straum. Det er forståeleg at dette er ufordrande for bedriftene. Denne ordninga kan gjere det mogleg avhjelpe noko av utfordringa med høge energiutgifter.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyre godkjenner følgjande retningslinjer for straumstøtte til næringslivet i kommunen.

1. Vang kommune innfører ei straumstøtteordning for næringsdrivande og bedrifter i kommunen. Føremålet med ordninga er å fange opp bedrifter som ikkje kjem inn under nasjonale støtteordningar, og som står i fare for nedskalering, permittering av tilsette eller konkurs grunna høge straumutgifter.
2. For å kome med i ordninga må straumutgiftene utgjere ein vesentleg del ut over 3% av driftsutgiftene til verksemda og vesentleg auke frå 2021.
3. Søknaden må vera basert på dokumenterte straumutgifter i kr og forbruk i kWh for 2022.
4. Søknaden må innehalde verksemda sitt namn og organisasjonsnummer, telefonnummer, e-post adresse til kontaktperson i verksemda og kontonummer.
5. Ordninga gjeld ikkje bedrifter med fastprisavtale hjå Jotunkraft?
6. Ordninga gjeld ikkje bedrifter som har fått straumstøtte gjennom andre ordningar?
7. Søknaden sendes til kommunen pr e-post : post@vang.kommune.no
8. Søknadar behandlast fortløpande av formannskapet, med innstilling frå kommunedirektør

Kommunestyret 20.10.2022:

Behandling:

Nytt framlegg til vedtak, foreslått av Leif Solemsli, Bygdelista i Vang

Pkt. 1: Vang kommune innfører en strømstøtteordning for 2022 for næringsdrivende/bedrifter og lag/foreninger med kontoradresse Vang.

Formålet med ordninga er å fange opp de som ikke kommer inn under nasjonale støtteordninger og som kan få økonomiske problemer pga de høge strømprisene.

Pkt. 2: For å komme med i ordninga må strømutgiftene for -22 ha økt i forhold til 2021 - (med mer enn 20 % ?)

Pkt 3: Søknaden må vera basert på dokumenterte straumutgifter i kr og forbruk i kWh for 2022.

Pkt 4: Søknaden må innehalde verksemda sitt namn og organisasjonsnummer, telefonnummer, e-post adresse til kontaktperson i verksemda og kontonummer.

Pkt 5. Utgår

Pkt. 6: Ordninga gjelder ikke bedrifter som får dekket merutgiftene gjennom andre støtteordninger.

Pkt. 7: Søknaden sendes til kommunen pre-post : post@vang.kommune.no

Pkt 8: Søknadar behandlast fortløpande av formannskapet, med innstilling frå kommunedirektør

Tillegg til framlegg til vedtak, foreslått av Tom Kjetil Tørstad, Senterpartiet

Ramma auker frå intill 1 mill til intill 2 mill.

Ordninga skal og omfatte frivillige lag/foreningar.

Lag/foreningar tas med i punkt 6 om at ordninga ikkje gjeld dei som har fått straumstøtte gjennom andre ordningar

For å komme med i ordningen må det dokumenteres en økning av strømutfgifter på minst 20% ift året 2021 (erstatte opprinneleg pkt 2).

Søknad kan sendast halvårleg.

Framlegg til vedtak og framlegg til vedtak frå Leif Solemsli (BIV) vart stemt over punkt for punkt.

Punkt 1 frå bygdelista: Samrøystes vedteke

Punkt 2 frå Vang SP: Samrøystes vedteke

Punkt 3 (samme frå kommunedirektør og Leif Solemsli (BIV), med tillegg om halvårleg søknad: Samrøystes vedteke

Punkt 4 (samme frå kommunedirektør og Leif Solemsli (BIV): Samrøystes vedteke

Punkt 5 - framlegg til vedtak frå kommunedirektøren vedteke vart med 12 stemmer mot 5.

Dei som stemte mot:

Leif Solemsli (BIV)

Kristin Bakke Lajord (SP)

Elisabeth Hålien (BIV)

Torstein Lerhol (SP)

Torstein Brekke-Dervola (BIV)

Punkt 6 (samme frå kommunedirektør og Leif Solemsli (BIV), med tillegg frå Tom Kjetil Tørstad (SP) om gjeld også lag og foreningar: Samrøystes vedteke

Punkt 7 (samme frå kommunedirektør og Leif Solemsli (BIV): Samrøystes vedteke

Punkt 8 (samme frå kommunedirektør og Leif Solemsli (BIV): Samrøystes vedteke

Habilitet: Tom Kjetil Tørstad (SP) stilte spørsmål om sin habilitet. Han vert erklært habil og deltok i behandling av saka - samrøystes

KS- 071/22 **Vedtak:**

Pkt. 1: Vang kommune innfører en strømstøtteordning for 2022 for næringsdrivende/bedrifter og lag/foreningar med kontoradresse Vang.

Pkt. 2: For å komme med i ordningen må det dokumenteres en økning av strømutfgifter på minst 20% ift året 2021.

Pkt 3: Søknaden må vera basert på dokumenterte stråumutfgifter i kr og forbruk i kWh for 2022. Ein kan søke kvart halvår

Pkt 4: Søknaden må innehalde verksemda sitt namn og organisasjonsnummer, telefonnummer, e-post adresse til kontaktperson i verksemda og kontonummer.

Pkt.5:Ordninga gjeld ikkje bedrifter med fastprisavtale hjå Jotunkraft

Pkt.6: Ordninga gjelder ikke bedrifter, lag og foreningar som får dekket merutgiftene gjennom andre støtteordninger.

Pkt. 7: Søknaden sendes til kommunen pre-post : post@vang.kommune.no

Pkt 8: Søknadar behandlast fortløpande av formannskapet, med innstilling frå kommunedirektør